



Vegard med flygelhorn i Rosendal

Uskedelingen Vegard Døssland har fått vore med på mykje i sitt unge musikaliv. Siste helga i september ventar ei ny stor oppleving. Han skal delta i det britiske brassmeisterskapet, National Championship. Han sit då i solokornettkkja til det skotske korpset St. David's Brass.

Å få delta i meisterskapet i brassens heimland må vera eiheilt spesiell oppleving for ein ung korpsmusikar - Korleis har dette skjedd?

-Det er nok litt tilfeldigheiter. St. David's trong ein ekstra kornettist. Dei har eit norsk medlem som kjende til meg, og dermed vart eg spurd.

-Og då slo du til med ein gong?

-Nei, eg hadde jo kjempelyst, men eg vurderte det fram og tilbake. Det var jo ein del praktisk som måtte ordnast. Eg må jo ha fri skulen frå onsdag til mandag. Eg landa på at det ville vera for dumt å ikkje benytte denne muligheten, for dette trur eg vert ei fantastisk oppleving uavhengig av resultatet. No er alle registreringar gjort, notane er for lengst komne på mail til Uskedalen, og flybillettane er klare.

St. David's Brass held til i utkanten av Edinburgh, og konkurransen føregår i den engelske byen Cheltenham. Som eit appropos kan nemnast at korpset spela i samband med landskampen mellom Skottland og Italia nyleg.

Vegard er opptatt med fleire spennande musikkprosjekt for tida, og det er tydeleg at han gleder seg stort til dagane og opplevingane i Skottland og England. Han kjenner godt den fantastiske stemninga det er i store korpskonkurransar her i landet, og etter det han veit vert dette endå ein del hakk opp på stemningskalaen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen